



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Nemnd for vilt, fiske og friluft.
<b>Stad:</b>	Landbrukskontoret, Landbruk
<b>Dato:</b>	17.01.2019
<b>Tid:</b>	17:00 – 19:15

---

**Medlemer som møte:**

Sigurd Voldsund Nygard	Leder	H
Knut Tandberg	Nestleder	H
Bente Storvik	Medlem	H
Endre Igesund	Medlem	AP

---

**Forfall:**

Marie Runde	MEDL	FOLK/SP
-------------	------	---------

---

**Varamedlemer som møte:**

Kjerstin M. Lilleøy Nygard	Marie Runde	H
----------------------------	-------------	---

---

**Andre:**

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiararen vart desse valde:  
Bente Storvik og Endre Igesund

---

underskrifter

Bente Storvik

Sigurd Voldsund Nygard  
leiar

Endre Igesund

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Protokoll frå førre møte
PS 3/19	GPS merking av hjort på Sunnmøre og Sunnfjord - "VESTHJORT"
PS 4/19	Forskrift om tidleg jaktstart på grågås
PS 5/19	Status for nye underskrift i Ytre Herøy Hjorteviltområde
PS 6/19	Ny avtale om ettersøkshund
PS 7/19	Møteplan for 2019

## **PS 1/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 2/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå forrige møte låg føre.

## **PS 3/19 GPS MERKING AV HJORT PÅ SUNNMØRE OG SUNNFJORD - "VESTHJORT"**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Nemnd for vilt, fiske og friluft. - 17.01.2019**

Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført i samsvar med prosjektplanen, løyver Nemnd for vilt, fisk og friluft kr. 51.000,- over ein 5-års periode til hjortemerkeprosjektet «Vesthjort».

Løyvinga vert dekt av kommunalt viltfond.

Det er ein føresetnad for løyvinga at leiarane i hjortevalda støttar opp om prosjektet.

## **PS 4/19 FORSKRIFT OM TIDLEG JAKTSTART PÅ GRÅGÅS**

### **Møtebehandling:**

Felles framlegg til tilføyning i vedtaket:

Det vert sendt brev til Fylkesmannen med kommentar om den manglande effekten av tidleg jaktstart.

Rådmannen si tilråding med felles tilleggsframlegg vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Nemnd for vilt, fiske og friluft. - 17.01.2019**

Nemnd for vilt, fiske og friluft tek saka til vitande.

Det vert sendt brev til Fylkesmannen med kommentar om den manglande effekten av tidleg jaktstart.

## **PS 5/19 STATUS FOR NYE UNDERSKRIFT I YTRE HERØY HJORTEVILTOMRÅDE**

### **Møtebehandling:**

Felles framlegg til vedtak:

Nemnd for vilt, fiske og friluft vedtek at absolutt siste frist for levering av oppdaterte underskrifter frå Ytre Herøy Hjorteviltområdet er den 15.04.2019.

Underskriftene gjeld søknaden om godkjenning av vald/ endring av vald for Ytre Herøy Hjorteviltområde.

Eigedomar der det ikkje vert levert underskrift frå grunneiar vert ikkje godkjent som del av valdet og det kan dermed ikkje jaktast på eigedomane.

Felles framlegg vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Næmnd for vilt, fiske og friluft. - 17.01.2019**

Næmnd for vilt, fiske og friluft vedtek at absolutt siste frist for levering av oppdaterte underskrifter frå Ytre Herøy Hjorteviltområdet er den 15.04.2019.

Underskriftene gjeld søknaden om godkjenning av vald/ endring av vald for Ytre Herøy Hjorteviltområde.

Eigedomar der det ikkje vert levert underskrift frå grunneiar vert ikkje godkjent som del av valdet og det kan dermed ikkje jaktast på eigedomane.

## **PS 6/19 NY AVTALE OM ETTERSØKSHUND**

### **Møtebehandling:**

Felles framlegg til vedtak:

Næmnd for vilt, fiske og friluft opphevar avtalen om viltettersøk mellom Sigurd Nygard og Herøy kommune datert 31.01.2018. Avtalen gjelder fram til det er signert ny avtale med ettersøksekvipasje.

Næmnd for vilt, fiske og friluft opphevar avtalen om reserve ved viltettersøk mellom Knut Tandberg og Herøy kommune datert 31.01.2018. Avtalen vert oppheva frå dags dato.

Næmnda gir leiar fullmakt til å skrive avtale med ny godkjent ettersøksekvipasje. Vilkårå frå avtalane datert 31.01.2018 vert vidareført.

Felles framlegg vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Næmnd for vilt, fiske og friluft. - 17.01.2019**

Næmnd for vilt, fiske og friluft opphevar avtalen om viltettersøk mellom Sigurd Nygard og Herøy kommune datert 31.01.2018. Avtalen gjelder fram til det er signert ny avtale med ettersøksekvipasje.

Næmnd for vilt, fiske og friluft opphevar avtalen om reserve ved viltettersøk mellom Knut Tandberg og Herøy kommune datert 31.01.2018. Avtalen vert oppheva frå dags dato.

Næmnda gir leiar fullmakt til å skrive avtale med ny godkjent ettersøksekvipasje. Vilkårå frå avtalane datert 31.01.2018 vert vidareført.

## **PS 7/19 MØTEPLAN FOR 2019**

### **Møtebehandling:**

Felles framlegg:

Møteplanen vert utsatt til neste møte for å unngå kollisjon med kommunestyret sin møteplan som ikkje er vedtatt.

Felles framlegg vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Næmnd for vilt, fiske og friluft. - 17.01.2019**

Møteplanen vert utsatt til neste møte for å unngå kollisjon med kommunestyret sin møteplan som ikkje er vedtatt.

**MØTET SLUTT!**